



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

Anette Hvidevold
Kvitavollsvegen 32

5454 Sæbøvik

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Natalie Martins Sæberg	990 83 943	2026/3452-2		30.04.2026

Tilbakemelding på varsel - 196/4

Vi viser til brev datert 15.april 2026 om forhold på gnr. 196 bnr. 4. Dette er registrert og arkivert med saksnummer 2026/3452.

Kvinnherad kommune har allereie ei pågåande sak på egedomen, 2025/6714. Saka blir behandla av kommunen som forureiningsmyndigheit, med vurdering av om det er grunnlag for vidare oppfølging etter forureiningslova, mellom anna §§ 28 og 37. Andre fagområde i kommunen kan bli involverte ved behov.

Vi gjer samstundes merksam på at det å melde inn eit forhold ikkje i seg sjølv gir partsstilling i saka, jf. forvaltningslova § 2 første ledd bokstav e. Kommunen legg derfor til grunn at saka er mellom kommunen som styresmakt og grunneigar/tiltakshavar. Dette inneber at det ikkje blir gitt løpande orientering om saksbehandlinga utover det som følgjer av gjeldande regelverk.

Dersom det blir oppretta journalpostar i saka, kan desse følgjast via kommunen si postliste. Eventuelle krav om innsyn blir vurderte etter offentleglova.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Natalie Martins Sæberg
Juridisk rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.